

Styremøte i Norsk medieforskarlag (NML)

Referat 21. august 2020

Kl. 10.00-11.00 (Zoom)

Til stades: Eiri Elvestad (leiar), Lisbeth Morlandstø, Marika Lüders, Balder Holm, Hanne Hestvik Kleiven, Magnus Hoem Iversen og Terje Skjerdal.

1. Innkalling

Godkjend.

2. Referat frå styremøte 8. juni 2020

Godkjent.

3. Studiestarten

Studiestadene er merkte av koronaen på ulike måtar. Ein del digitalundervisning/hybridløysingar framleis. Generelt få studentar på campus. Elles: Bachelorstudiet i journalistikk ved Nord universitet har starta opp att, etter to år med nulloppakt (23 studentar).

4. Medieforskarkonferansen Oslo 22.-23. okt 2020

Avgjerda om fysisk/digital konferanse må takast i dag, 21. august, pga. frist for eventuell avbestilling i Forskningsparken. Ein viss risiko ved å gå for digital konferanse – smitteverntiltak og fysisk avstand kan bli utfordrande; komplisert med matservering og transport til/frå konferansen. NML-styret hallar mot å tilrå heildigital konferanse. Leiargruppa ved IMK vil ta endeleg avgjerd.

Elles: 116 abstract er sendt inn til dei ulike gruppene. Ein del med fleire forfattarar.

5. Generalforsamling, rekneskap og årsrapport 2019

Innkalling til GF (som skal vera på medieforskarkonferansen) skal liggja føre minst tre veker på førehand ifølgje vedtekten. Magnus ferdigstiller rekneskap for 2019, med spesifikk oversikt over kor mykje som er relatert til (a) konferansen, inkludert dekning av underskot for Bodø 2018, (b) tidsskriftet, og (c) vanlege NML-kostnader. Vil bli lagt til grunn for drøftinga på GF om eventuell fast innlemming av konferanseavgifta i medlemskontingenoten. Eiri skriv årsrapport.

I tillegg til medlemsavgiftsaka, vil me be GF drøfta den nye artikkelprisen. Den er innført frå i år som prøveordning, men GF bør ta stilling til om den skal vera permanent.

Neste møte:

- Måndag 14. september 14.00-15.00 (Zoom)

Terje Skjerdal (ref)